

## Frå salteri til møterom

Karsten Høyland sitt sjøhus på Steinsland er ein av 20 pilotar som skal realiserast i fire kystkommunar gjennom prosjektet «Ny næring i gamle bygg i strandsona».

Gode Sirkclar er ansvarleg for prosjektet, som er støtta av Fylkesmannen i Hordaland og Fylkeskommunen i Hordaland. Kommunane som deltek er Sund, Austevoll, Bømlo og Radøy. Målet er å få til gode og praktiske ordningar for korleis gamle bygg i strandsona kan verta ein ny ressurs for næringsaktivitet, og resultera i nye retningslinjer for framtidig planlegging og forvaltning av strandsona.

- Målet er fem pilotar i kvar kommune. Vi har no berre fire pilotar i Sund, og oppmodar nausteigarar med ein gründar i magen om å ta kontakt, seier prosjektleiar Asbjørn Stavland.

### Nytt liv i nausta

Karsten Høyland har restaurert fire av fem gamle bygg på familiegarden på Steinsland. Det femte bygget, sjøhuset, skal setjast i stand gjennom «Ny næring i gamle bygg i strandsona». Sjøhuset var opprinneleg eit salteri som vart sett opp på Steinsland ved århundreskiftet, og har vore nytta av fiskarar. Under og etter 2. verdskrigen budde det folk i huset.

- Eg ønskjer å halde på særpreget og sjela i sjøhuset og samstundes kunna nytta huset på ein moderne måte langt inn i framtida. Naustklynga representerer fiskarbonden og er viktig å bevare. I første omgang er planen å nytte bygga som kontor, møterom og representasjon for mine verksemdar i Høyland Gruppen, seier Høyland. Han sit i arbeidsgruppa for prosjektet.

## Marin næring inn i «alle» fag

**Kor mange fisk er det plass til i merdene, og kor mykje vatn rommar dei? Slike spørsmål skal elevane ved Sund Ungdomsskule ta stilling til i matematikken. Marin næring skal òg vere ein naturleg del av undervisinga i fag som engelsk, norsk og naturfag.**

Satsinga på Praksisnær utdanning innan marin næring har vore så vellukka at Saksgruppe Næring og Utvikling (SNU) i Sund kommune sist veke vedtok å satse vidare.

- Marin næring skal takast med i undervisinga der det er mogleg, og det vil vere ein tett kontakt mellom bedriftene og skulen, med til dømes bedriftsbesøk og arbeidsveke med moglegheiter for sommarjobb. Målet er at ungdomane vel å ta vidareutdanning/fagbrev som er relevante for marin næring, seier prosjektleiar Ove R. Hjelmervik i Gode Sirkclar.

Sund kommune har ei omfattande verdiskaping innan fiskeri, oppdrett og fiskeforedling. I starten av 2011 gjekk næringa saman med ungdomsskulen i kommunen om eit systematisk program for dei tre klassestega. Bakgrunnen for satsinga var ei kartlegging og omdømeundersøking som Gode Sirkclar gjennomførte under etableringa av Sotra Marine Industrinettverk (SMI). Undersøkinga avdekkja at marin næring hadde eit dårleg omdøme og at ungdom ikkje ønskte seg inn i denne næringa.

Satsinga på praksisnær undervising har vore så vellukka at politikarane i Sund ønskjer å halde fram. Ein konkurranse blant ungdomsskuleelevane i Sund, Fusa og Austevoll om å lage den beste dokumentarfilmen om oppdrettsnæringa i kommunen deira,



Foto: Privat.

- I høve til eit moderne møterom med sterile veggjar og svarte stolar, vil det vere ei unik oppleving å kome hit og kjenne sjølukta, seier Høyland.

### Enklare å søkje om dispensasjon

I Sund kommune er det registrert kring 500 naust og sjøbuer, og fleire av desse bygga er i ein slik stand at det trengs strakstiltak for å sikre dei. Bygga forfell når dei ikkje lenger gjev inntekter, og strenge restriksjonar i plan og bygningslova gjer det vanskeleg å endre på dette. Gjennom prosjektet vil det bli skapt ny næringsverksemd i nausta.

- I prosessen med å realisere pilotane vil vi få fram alle juridiske høve og utarbeide ei «oppskrift» på korleis ein går fram når ein søker om tiltak i strandsona. Det vil ikkje berre gjere det enklare for søkjarene, men òg for dei som skal handsame søknadene i det offentlege, seier Stavland.

### På oppløpssida med ingeniørbedrift

Verkstedsgruppen VNR er i slutfasen med å samle kapital for å etablere ei verksemd som skal syte for at medlemene får tilgang på ingeniørar. Nettverket av såkalla SMB-bedrifter (små og mellomstore bedrifter) knytt til teknisk og mekanisk industri, vart fødd gjennom Gode Sirkclar og er no knytt til Vest Næringsråd som ei bransjegruppe. For å løyse problema med tilgang på ingeniørar, har Verkstedsgruppen VNR drøfta å etablere ei eiga ingeniørverksemd som medlemene skal kunne nytte seg av ved behov.

- Vi har fått gode synspunkt i løpet av prosessen. Ei alternativ løysing kan vere at vi gjennom denne felles verksemda leiger ingeniørkompetanse, og i staden tilset nokon som kan samkjøre marknadsføringa av den samla ressursen vi kan tilby. Det er ikkje bestemt kva løysing vi går for, seier Trond Wisnes Nilsen i Sotra Contracting, leiar i Verkstedsgruppen VNR.

- Vi tek kontakt med dei siste bedriftene i desse dagar for å måle interessa. Opp mot åtte bedrifter er med på laget, nokre av dei har gjeve uttrykk for at dei kan bidra med meir pengar for å få realisert dette. Andre av medlemene har sagt at dei ikkje vil vere med. På Industrikafeen i oktober tek vi ei optelling, spørsmålet er om vi klarer å reise nok kapital, seier Nilsen. Han legg til at ein treng minst ein million kroner for å realisere dette. Klarer dei det reknar Nilsen med at verksemda kan vere etablert formelt ved årsskiftet.

førte til at søkjartala til havbrukslina på Austevoll gjekk opp. Filmmodellen er no ein del av undervisningsprogrammet Praksisnær Læring, som er utvikla av Gode Sirkclar.

- Knappe ressursar i skulen resulterte i trege prosessar, og det har vore svært utfordrande å få endra undervisinga. No opplever vi at skulen verkeleg viser driv og engasjement rundt dette. Sund Ungdomsskule er blitt ein modell for dei andre skulane, seier Hjelmervik.

Han fortel at den moderne marine næringa, som i hovudsak er automatisert og som er sterkt eksportretta, er eit godt utgangspunkt for undervisinga i dei ulike faga på ungdomsskulen.

